



Radøy kommune

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/1653 - 16/11567

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

10.09.2016

Byggesak - gnr 45/127,79 Manger - Turløype - søknad om igangsetjingsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 264/2016

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova §§20-1, 20-2, 20-3

Adresse : **Idrettsvegen, Manger**

Tiltakshavar : Radøy kommune

Ansvarleg søker : Arkoconsult AS

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - igangsetjingsløyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 265/2016, datert 12.08.2016 gjeve rammeløyve for etablering av turløype med trebru på eigedom gnr. 47 bnr. 127 og 79 Manger. Tiltaket er del av et større prosjekt. Det er lagt ved situasjonsplan som viser heile turløypa. Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for etappe 1.

Denne søknaden omfattar igangsetjingsløyve for etablering av gangveg og trebru som vist i situasjonsplan merka løypetrase etappe 1, teikning nr. 58315104A010, datert 27.04.16.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.08.2016.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Manger Sentrum, planid. 12602007000800 er avsett til friområde. Etappe 1 er vurdert til å vere i samsvar med plangrunnlaget.

Heimelshavar

Radøy kommune er heimelshavar til gnr. 45 bnr. 127.
Manger Idrottslag er heimelshavar til gnr. 45. bnr. 79.

Byggesaksmynde legg til grunn at det ligg føre naudsynte privatrettslege rettar til å utføre tiltak på gbnr 45/79, jf. pbl. § 21-6.

Dispensasjon frå kulturminnelova

Det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova (kml.) § 8 første ledd. Turveg i sikringssone til automatisk freda kulturminne, Manger prestegard, gnr. 45, brn. 127 Radøy kommune, Hordaland

Riksantikvaren har 29.02.2016 fatta følgjande vedtak:

Vedtak

Med hjemmel i kml § 8 første ledd fatter Riksantikvaren følgende vedtak:

«I forbindelse med anlegg av universelt utføret turvei, gis det med dette tillatelse til oppføring av gangbro som vil berøre sikringssonen til automatisk fredet kulturminne, en heller, id 214341, Manger Prestegård gnr/bnr 45/127, Radøy kommune, jf vedlagt kart.

Tillatelsen gis uten vilkår om arkeologiske undersøkelser eller overvåking

Tillatelsen gjelder bare det omsøkte tiltaket. Tillatelsen bortfaller dersom tiltaket ikke er iverksatt innen 3 år fra mottakelsen av dette brev.»

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Eigar av gnr. 45 bnr. 121,207 har i e-post datert 23.06.2016 mellom anna kome med følgjande merknad.

«Har som eigar av gnr. 45 bnr. 121 mottatt nabovarsel vedr. turveg i Manger sentrum. Som eigar av gnr. 45 bnr. 207 ligg nevnte anlegg/trase rett ved grensa til denne eigedom. Syns virkelig at vedlagte kart viser/illustrerer dårlig kor dei ulike bnr. ligg.

Grunnen til denne mailen er at den planlagde traseen nedanfor bnr. 207 går rett over kummer og rørtraseer til 6 bueinheter i området.

Har allereie snakka med Tore Rikstad i Radøy kommune på tlf. om at traseen må flyttast ligg, slik at konflikten med dette blir minimal.

Han bekrefta at det ikkje var noko problem å flytta/justera traseen, og inviterte meg til et møte for å sjå nærmare på saken.

Vil ta kontakt med vedr. å få til et møte.»

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved brev av 01.07.2016. Ansvarleg søker opplyser:

Tiltaket vil ta hensyn til kummer og rørtraseer. Dersom det viser seg at tiltaket, ved utførelsen, kommer i konflikt med disse vil man se på alternative løsninger. Dersom alternativet medfører avvik fra det som er omsøkt og godkjent vil det bli sendt inn endringssøknad på dette.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 27.04.2016.

Terrenghandsaming

Turvegen skal tilpassast eksisterande terreng. Gangbru ved heller langs Nesvatnet skal utførast som trebru som vist i skisse vedlagt søknaden.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Nabomerknad

Eigar av gnr. 45 bnr. 121 og 207 har påpeika at turløypa vert lagt svært nær grensa til gnr. 45 bnr.207. Han skriv i e-post at vedlagte kart viser dårleg kor dei ulike bruksnummer ligg. Han opplyser at den planlagde traseen nedanfor bnr. 207 går rett over kummer og rør trasear til 6 bueiningar i området. Han har vore i dialog med teknisk drift Radøy kommune og fått opplyst at det ikkje vil vere noko problem å justerer/flytte trassen slik at det ikkje vert konflikt med eksisterande VA-anlegg.

Ansvarleg søker har kommentert merknaden med at tiltaket vil ta omsyn til kummer og rør trasear. Dersom det under utføring av arbeida vil oppstå konflikt med desse, vil ein sjå på alternative løysingar. Skulle alternative løysingar medføre avvik frå det som er omsøkt og godkjent vil det verte sendt inn endringssøknad på dette.

Byggjesakmynde i Radøy kommune vurderer at nabomerknad er tilstrekkeleg ivaretatt og kan godkjenne tiltaket som omsøkt.

Kopi av vedtaket vart den 15.08.2016 sendt til heimelshavar av gnr. 45 bnr. 121 og 207 for eventuell klagevurdering. Det ligg ikkje føre noko klage på dette vedtaket.

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Følgjande føretak har erklært ansvarsrett i samband med søknad om rammeløyve, 265/2016, datert 12.08.2016 :

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997 089 782, har erklært ansvarsrett som ansvarleg søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997 089 782, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering utforming og brukbarhet av tursti. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Arkoconsult AS, org.nr. 997 089 782	S	SØK	1	Ansvarleg søker
Arkoconsult AS, org.nr. 997 089 782	S	PRO	1	Prosjektering utforming og brukbarhet av tursti.

*S = Sentral godkjenning

Følgjande føretak har erklært ansvarsrett i samband med søknad om igangsetjingsløyve:

Føretaket **Arkoconsult AS**, org.nr. 997 089 782, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering heile tiltaket – veg og bru. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Entr. Rune Ulvatn AS**, org.nr. 853 167 452, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring grunnarbeid og landskapsutforming. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Entr. Rune Ulvatn AS**, org.nr. 853 167 452, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring overordna ansvar for utføring av bru. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Entr. Rune Ulvatn AS**, org.nr. 853 167 452, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring innmåling og utstikking av tiltak. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Arkoconsult AS, org.nr. 997 089 782	S	PRO	1	Prosjektering heile tiltaket – veg og bru.
Entr. Rune Ulvatn A/S, org.nr. 853 167 452	S	UTF	1	Utføring grunnarbeid og landskapsutforming.
Entr. Rune Ulvatn A/S, org.nr. 853 167 452	S	UTF	1	Utføring overordna ansvar for utføring av bru.
Entr. Rune Ulvatn A/S, org.nr. 853 167 452	S	UTF	1	Utføring innmåling og utstikking av tiltak.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.08.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, l, 20-2a og 20-3 vert det GODKJENT søknad om IGNAGSETJINGSLØYVEE for etablering av turveg etappe 1 og oppføring av gangbru som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert utført i tråd føreseger gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming, igangsetjingsløyve	kr	<u>2 700</u>
		Totalsum kr	2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak

der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsreidegjerung skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/1653

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult

Pb 103

5291

VALESTRANDSFOSEN

Radøy Kommune - teknisk drift

Radøy Kommune - teknisk drift

Mottakere:

Radøy kommune